

Plan for godt skulemiljø

- skal sikra eit godt psykososialt læringsmiljø på skulen.



Føremål

Voss gymnas skal arbeida for at våre elevar skal ha eit godt og trygt skulemiljø som fremjar læring og trivsel. Ingen skal bli utsette for krenkande ord og handlingar som mobbing (inklusiv utestenging), vald, diskriminering eller rasisme på skulen. Alle tilsette på skulen, elevane og føresette skal samarbeide om å førebyggja, avdekkja og handsame krenkjande handlingar eller anna uønskt åtferd.

Voss gymnas – Læring i sentrum

Voss gymnas legg fylgjande verdiar til grunn for sitt arbeid for eit godt skulemiljø og elevane si læring; *Mangfald, Lærelyst og Livsmeistring.*

Mangfald - *Vi respekterer alle. Vi inkluderer kvarandre. Vi ser etter det positive og gode i kvarandre. Vi arbeider for livsmeistring med MOT til å leve, MOT til å bry seg og MOT til å seie nei! Vi bygger demokratiske verdiar og haldningar.*

Lærelyst - *Vi respekterer alle. Vi inkluderer kvarandre. Vi ser etter det positive og gode i kvarandre. Vi arbeider for livsmeistring med MOT til å leve, MOT til å bry seg og MOT til å seie nei! Vi bygger demokratiske verdiar og haldningar.*

Livsmeistring - *Vi legg vekt på læring og fagleg utvikling. Vi syner MOT og kompetanse gjennom nytenking. Vi skaper framtidsoptimisme gjennom kunnskap og kritisk tenking med ei bærekraftig utvikling som rettesnor.*

Systematisk arbeid for eit godt skulemiljø

Alle vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal arbeida systematisk for å sikre at elevane har eit godt psykososialt miljø. Opplæringslova §12-3 pålegg skulen å arbeide kontinuerlig for å fremje eit godt og trygt skulemiljø.

Voss gymnas nyttar mellom anna MOT-programmet «Robust ungdom, som inkluderer alle» som eit verktøy for å arbeide mot eit godt klasse og skulemiljø for alle elevar. Skulen sine vurdering av mellom anna UNG-data undersøkinga syner at svært mange elevar synest at det kan vera vanskeleg å møte alle forventningane som vert stilt til dei kombinert med krava skulen stiller.

Ved å gjere nytte av personar som vert opplært i MOT-programmet, vil dei kunne avhjelpe kontaktlærar i arbeidet med å setje fokus mellom anna samhandling, klasse- og skulemiljø og korleis me som menneske påverkar kvarandre og kan gjere kvarandre gode. Me ynskjer å vere ein skule som er i førekant på arbeidet med det psykososiale miljøet for våre elevar og me ynskjer å byggje ein skulekultur der alle inkluderer alle gjennom å vere gode rollemodellar for kvarandre.

I skulen sitt årshjul for møter i skulemiljøutvalet og elevrådet, har ein og faste oppgåver der elevane har ansvar for å kome med saksinnspel og ein tek opp tematikk knytt til arbeid for eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet gir òg elevane mogelegheit for å ta opp saker knytt til skulemiljø med rektor og skuleleiinga.

Avvik

Alle tilsette ved Voss gymnas skal varsle dersom dei er kjende med eller er uroa over at elevar ved skulen er utsett for fylgjande eller ikkje har eit godt skulemiljø:

- Mobbing/trakassering av medelevar eller tilsette, Opplæringslova §12
- Radikalisering/valdeleg ekstremisme
- Rus/doping
- Sosial kontroll, tvangsekteskap
- Omsorgssvikt

Alle tilsette har plikt til å gripe inn dersom dei ser krenkingar som til døme mobbing. Alle tilsette ved skulen skal varsle rektor dersom ein er kjend med, eller uroa over, at elevar ved skulen er utsett for tilhøva nemt over.

Rektor vil vidare vurdere og sette i verk nødvendige undersøkingar, tiltak og oppfølging i tråd med skulen og Vestland fylkeskommune sine prosedyrar.

Dersom ein elev eller forelder, jamfør Opplæringslova §12, ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, til dømes tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandla saka etter reglane om enkeltvedtak i Forvaltingslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter reglane i Forvaltingslova som om det var fatta enkeltvedtak.